



## **LOKALE RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR**

### **1. STATLEGE FØRINGAR OG HEIMELSGRUNNLAG**

Tildeling av tilskot og refusjonar til private barnehagar i Volda kommune skal skje i tråd med gjeldande barnehagelov, forskrifter og lokale retningslinjer.

Forvaltning av tilskotsordningar og refusjonar til private barnehagar er heimla i barnehagelova § 14 "Kommunalt tilskot til godkjende ikkje-kommunale barnehagar", Forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar og Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

I tillegg til sentrale føringar gjennom lov og forskrift, har kommunen gjennom forskrift mynde til å fastsetje lokale reglar og rutinar som har betydning for tilskotet til private barnehagar. Slike føringar vert nedfelt i "Lokale retningslinjer". Dersom kommunen ønsker å revidere retningslinjene, må det gjerast før tilskotsåret dei skal gjelde for.

### **2. FORMÅL**

Formålet med dei lokale retningslinjene er å presisere Volda kommune si praktisering av lov og forskrifter. Dette for å sikre likebehandling, førebygge mistydingar og bidra til føreseielege rammer for alle partar.

### **3. KVEN RETNINGSLINENE GJELD FOR**

Lokale retningslinjer gjeld for alle godkjende private barnehagar som Volda kommune har vedteke å yte tilskot til.

### **4. DRIFTSTILSKOT TIL ORDINÆRE BARNEHAGAR**

Kommunen skal gi driftstilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass. Grunnlag for utrekning er kommunerekneskapet frå to år før tilskotsåret.

Driftstilskotet skal reknast ut frå gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter per heiltidsplass i tilsvarende kommunale ordinære barnehagar.

Administrasjonsutgifter, pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift på pensjonsutgifter skal vere trekt frå (*Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager* § 3-5). Kommunen skal i berekninga av sats gi eit påslag både for pensjonsutgifter og for administrasjonsutgifter.

Kommunen skal fastsetje ein sats for barn over tre år og ein sats for barn under tre år.

## **5 UTBETALING, KUNNGJERING OG DOKUMENTASJON**

Utbetaling av tilskot skal skje forskotsvis ein gong i kvartalet (januar, april, juli og oktober), basert på godkjent innrapportert barnetal ved teljedato. Dersom det skulle oppstå forseinking i samband med kvartalsutbetaling, vil det bli utbetalt eit a-konto beløp. Tilskot og utbetaling vert justert ut i frå barnetal på siste teljedato.

Innan 31. oktober året før tilskotsåret skal kommunen gjere vedtak om satsar til dei private barnehagane. Dokumentasjon på korleis satsane til driftstilskotet er rekna ut, skal leggst ved vedtaket.

## **6 KAPITALTILSKOT**

Kapitaltilskot vert tildelt private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut frå barnehagen sitt byggeår. Satsar for kapitaltilskotet vert fastsett av departementet.

Barnehagar som har fleire bygg med forskjellig byggeår, vert tildelt kapitaltilskot etter kor mange barn som oppheld seg i kvart bygg. Private barnehagar må rapportere kor mange barn som er i kvart bygg og alder og opphaldstid for barna. Byggeåret er det året bygget vart ferdigstilt.

## **7 RAPPORTERING SOM GRUNNLAG FOR UTMÅLING AV TILSKOT**

7.1 Eigar av privat barnehage skal rapportere til kommunen tal på barn per 15. desember året før tilskotsåret (årsmeldingstal i BASIL) 1. april og 1. september. Tal barn dannar grunnlag for tilskotet og dei kvartalsvise utbetalingane.

7.2 I utbetalinga for tredje og fjerde kvartal vert det korrigert for den summen som vart utbetalt for mykje/for lite i andre og tredje kvartal, ut frå teljedatoane 1. april og 1. september.

7.3 Barnehageeigar/styrar har ansvar for at opplysningane om talet på barn, alder og opphaldstid er korrekt og oppdatert i kommunen sitt administrative system (Tieto)

på teljedatoane. Det vert ikkje betalt ut tilskot utover det talet på barn som barnehagen er godkjent for.

7.4 Kommunen skal som barnehagemynde kontrollere at opplysningar gitt av barnehageeigar på teljedatoane samsvarar med dei opplysningane kommunen har. Volda kommune tek atterhald i høve retten til å korrigere det kommunale tilskotet. Ei slik korrigering skal samsvare med direktoratet si tolking av regelverket.

7.5 Private barnehagar kan ikkje krevje tilskot for barn utover dei barna som har rett til plass ut frå opptakskrets/opptakskriterier som er nedfelt i barnehagen sine vedtekter.

7.6 Dersom den private barnehagen har store aktivitetsendringar mellom teljedatoane, til dømes oppretting/nedlegging av avdeling eller større gruppe, skal barnehageeigar melde frå til kommunen. Dette i tråd med forskrift om tilskot til private barnehagar. Det vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle om aktivitetsendringa utløyser endring i det kommunale tilskotet.

7.7 Barnehagane plikter seg til å ta inn det tal på barn dei har fått tilskot for i opptaksåret. Det blir forventa at barnehagane tilbyr barnehageplassar fortløpande ved ledig kapasitet.

## **8. SØKNADSORDNING FOR BARNEHAGAR MED HØGARE PENSJONSUTGIFTER**

Private barnehagar som har vesentleg høgare pensjonsutgifter enn det som blir dekt gjennom pensjonspåslaget, har etter søknad til kommunen krav på å få dekt pensjonsutgiftene. Avtalen må vere inngått før 1. januar 2015, og den private barnehagen må dokumentere pensjonsutgiftene sine. Grunnlaget for berekninga er rekneskapsførte pensjonsutgifter i den private barnehagen frå to år før tilskotsåret.

Gjennomsnittlege pensjonsutgifter i tilsvarende kommunale barnehagar utgjer ei øvre grense for kva kommunen er forplikta til å dekke. Kommunen må opplyse om kor stor del pensjonspåslaget utgjer av driftstilskotet per heiltidsplass, samt kva som er kommunen sine eigne pensjonsutgifter per heiltidsstilling i dei kommunale ordinære barnehagane.

## **9. PLIKT TIL Å RAPPORTER BARN SOM BUR I EI ANNA KOMMUNE**

Den private barnehagen får tilskot for alle barna i barnehagen. Dersom eit eller fleire av barna er busatt i ei anna kommune, skal Volda kommune få melding om dette frå styrar. Volda kommune har rett til refusjon for barnehageplassen frå den kommunen

der barnet bur. Det er ein føresetnad at det aktuelle barnet er omfatta av den private barnehagen sine opptakskriterier/opptakskrets. Volda kommune nyttar satsar for drift og kapital fastsett av departementet i utrekning av refusjonskravet.

## **10. ANDRE ØKONOMISKE FORHOLD**

Utanom driftstilskot og kapitaltilskot fins det også andre statlege tilskot og refusjonsordningar som vedkjem dei private barnehagane.

### **10.1. Søskenmoderasjon**

I tråd med forskrift om foreldrebetaling i barnehagar gir Volda kommune søskenmoderasjon på 30% for barn nummer to og 50% for barn nummer tre eller fleire. Dei private barnehagane får kompensert for den reduserte foreldrebetalinga ved å søke halvårleg refusjon til Volda kommune, innan 1. juli og 1. desember. Barnehagen må sende inn namn på dei barna det vert sendt refusjonskrav for.

### **10.2 Redusert foreldrebetaling og 20 t. gratis opphaldstid**

Hushaldningar med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling. Dei kan også søkje om 20 timar gratis opphaldstid per veke for 2-, 3-, 4- og 5-åringar. Det er staten som bestemmer kvar inntektsgrensa skal gå, og gjeldande regel er at ingen hushaldningar skal måtte betale meir enn 6% av skattbar inntekt for ein barnehageplass.

Kommunen handsamar alle søknader som kjem inn, både for private og kommunale barnehagar, og fattar vedtak basert på innsendt dokumentasjon. Den private barnehagen får kopi av vedtaket som syner kor mykje månadleg fråtrekk hushaldninga har krav på for det aktuelle barnet. Barnehagen sender deretter halvårleg refusjonskrav for den reduserte foreldrebetalinga til kommunen, innan 1. juli og 1. desember.

### **10.3 Integreringstilskot for flyktningbarn**

Volda kommune søker staten om integreringstilskot for nye asyl-/flyktningbarn. Dette er eit tilskot som skal bidra til særskilt tilrettelegging i barnehage. Staten betalar ut ein fast sum, uavhengig av kva behov det enkelte flyktningbarn måtte ha for oppfølging, tiltak og tilrettelegging. Det er Stortinget som fastset satsane for tilskot. Dersom barnet får plass i ein privat barnehage vil Volda kommune betale ut summen som eit eingongstilskot til barnehagen.

#### **10.4 Minoritetsspråklege midlar**

Dersom det samla sett er minst 50 minoritetsspråklege barn i ei kommune, samtidig som desse utgjer minst 10% av alle barnehagebarna, så har kommunen etter gjeldande reglar rett på minoritetsspråklege midlar frå staten. Utbetalinga frå staten til kommunen skjer då automatisk utfrå talet på minoritetsspråklege barn som er rapportert 15. desember (årsmeldingar/BASIL-rapportering). Staten fastset årleg satsen per barn. Midlane skal kome dei minoritetsspråklege barna til gode og bidra til at dei får ei betre språkforståing. Departementet har laga kriterier for dette og kan krevje innsyn i bruken av midlane.

#### **11. TILBAKEBETALING AV TILSKOT**

Kommunen kan fatte vedtak om tilbakebetaling av tilskot frå ein privat barnehage, dersom det på grunn av feil frå barnehagen har blitt utbetalt eit høgare tilskot enn den har krav på.

#### **12. NEDLEGGING**

Dersom ein privat barnehage gjer vedtak om å legge ned drifta, skal Volda kommune varslast om dette omgåande. Barnehagar som har fått utbetalt forskot på det kommunale tilskotet for eit lenger tidsrom enn barnehagen er i drift, pliktar å betale attende det overskytande. Tilskot blir betalt ut til sluttdato, som er barna sin siste dag i barnehagen.

#### **13. IVERKSETTING**

Vedtektene vert gjort gjeldande frå 01.01.2020.

